



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: Teams
Dato: 27.10.2021
Tidspunkt: 08:30

Saksliste

Utvalgs- saksnr

Innhold

- | | |
|----------|--|
| AU 53/21 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| AU 54/21 | Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar |
| AU 55/21 | Disponering av tiltaksmidler og styremidler ut 2021. |
| AU 56/21 | Søknad frå Agder Fylkeskommune om å utsette vinterstenging av veg Brokke - Suleskard |

AU 53/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

AU 54/21 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/9084-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 25.10.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	55/21	27.10.2021

Omdisponering av tiltaksmidler og styremidler 2021.

Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet vedtek følgjande omdisponering av tiltaksmidler for 2021:

- Kr. 117 000 vert nytta til tilrettelegging av tursti på Hovdenut i Bykle kommune

Arbeidsutvalet vedtek følgjande omdisponering av styremidler for 2021:

- Kr. 150 000 vert nytta til ferdelsregistreringar på stiar og vegar som nemnd i saka
- Kr. 78 492 vert nytta til pågåande arbeid med ny brukarorientert heimeside

Saksopplysninger

Tiltaksmidler 2021

Verneområdestyret vedtok i møte 8.3.2021 prioritering av tiltaksmidla for 2021. Totalt vart det løyva kr. 900 000 frå Miljødirektoratet til ulike skjøtselstiltak, tilretteleggingstiltak, informasjonstiltak o.s.b. Dei fleste tiltaka går etter planen, men for nokre tiltak er det trong for å omdisponere midlane, dette gjeld:

Utbetring av ferdelsveg Storådalen kr. 50 000

Ein føresetnad for gjennomføring av tiltaket var at det vart gjennomført ei synfaring saman med tiltakshavar. Plassen ligg rimeleg utilgjengeleg og ein synfaring vil fort ta to dagar. Forvaltningssekretariatet har ikkje hatt moglegheit til å prioritere dette og tiltaket må difor utsettast.



Toalettbygg Kleivaland kr. 55 000

Tiltaket har stranda som følgje av at det ikkje har lukkast å kome til semje med grunneigar i området. Totalt var det løyva kr. 125 000 til tiltaket. Forvaltningssekretariatet har godteke at kr. 70 000 i staden vert nytta til toalettet som vart sett opp ein annan stad i Hjelmeland kommunen og som vart noko dyrare enn budsjettert. Med dette er det kr. 55 000 disponibelt til andre tiltak.

Klopplegging Bortelid kr 30 000

Ansvarleg for gjennomføring er Bortelid Utmarkslag i Åseral. Dei fekk ikkje køyrd ut naudsynte materialar på snøføre og har difor meld attende at tiltak ikkje vert gjennomført i år.

Samla beløp for desse tre tiltaka er kr. 135 000. Nokre få av dei gjennomførte tiltaka vart noko dyrare enn budsjettert. Det er såleis trong for å omdisponere kr. 117 000 av tiltaksmidla.

Drift av verneområdestyret 2021

Til drift av verneområdestyret vart det for 2021 løyva kr. 500 000. Dette er same nivå det har ligge på ei siste 5-6 åra. Pengane vert hovudsakeleg nytta til godtgjersle for verneområdestyret og arbeidsutval, leie av møtelokale, servering, overnatting i samband med møte o.s.b. Pr. nå er det nytta kr. 171 508 av beløpet, dvs at det står att ein rest på kr. 328 492. Det står att eit møte i verneområdestyret i 2021, samt 1 – 2 møte i arbeidsutvalet.

Vurdering

Tiltaksmidler

Totalt vart det løyve kr. 900 000 til tiltak for 2021. Opphavelag søknadsbeløp var kr. 1 110 000. Det hadde vore naturleg at ein ved omdisponering nytta midla til dei tiltaka som måtte prioriterast vekk evt. fekk redusert tildeling for 2021. Dette gjaldt mellom anna nye skjøtselstiltak og fleire informasjonsskilt på innfallsportar. Med frist for fakturering 15 desember er det ikkje realistisk å få sette dette ut i livet i år. Forvaltar vil i staden føreslå at kr. 117 000 vert nytta til tilrettelegging av sti på Hovdenut i Bykle. I regi av Bykle kommune er det gjort mykje arbeid med steinsetting av stien i 2019 og hausten 2021. Verneområdestyret har tidlegare år løyva midlar til både stien og planlegging/prosjektering av dagsturhytte på Hovdenut. Hovden er plukka ut som innfallsport i besøksstrategien for SVR.

Midlar til drift av verneområdestyret 2021

Grunna corona-situasjonen er fleire styremøte halden vi teams og ein fekk ikkje gjennomført synfaring med verneområdestyret av det omfanget ein så føre seg. Det har difor gått med mindre pengar til drift av verneområdestyret enn planlagt.

Ein må ta høgde for noko etterslep i krav frå styremedlem, samt ha dekning for utgifter til attverande møte i verneområdestyret og arbeidsutval. Totalt om lag kr. 100 000. Med dette vil det stå att kr. 228 492. Forvaltar føreslår at kr. 150 000 vert nytta til ferdslsregistrering på enkelte stiar og vegar kring Blåsjø og Svartevassdammen for å betre kunnskapsgrunnlaget om ferdsla. Konkret gjeld det anleggsvegen i Flatstøldalen, anleggsvegen til Skreivasskleivane, Anleggsvegen til Storevassdammen og stiar ved Storsteinen turisthytte. Arbeidet vert i hovudsak gjennomført av NINA.

I tillegg føreslår forvaltar at kr. 78 492 vert nytta til pågåande arbeid med ny brukarorientert heimeside. Sida er finansiert gjennom verdiskapingsprosjektet men med meir midlar kan kvaliteten på sida bli enda betre.

Bruk av styremidla til desse tiltaka er avklara med Miljødirektoratet.



For både tiltaksmidla og midla til drift av verneområdestyret kan det kome trong for justeringar fram mot frist for utbetaling. Forvaltar føreslår at mindre endringar kan gjerast av forvaltningssekretariatet i samråd med styreleiar.



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/9036-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 25.10.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	56/21	27.10.2021

Søknad frå Agder Fylkeskommune om å utsette vinterstenging av veg Brokke - Suleskard

Vedlegg:

- 1 Søknad om dispensasjon fra "Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde"
- 2 Avtale frå 1999

Forvalters innstilling

Med heimel i forskrift om vern av *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.4 bokstav d, gir arbeidsutvalet Agder Fylkeskommune løyve til utvida opningstid på vegen Brokke – Suleskard fram til 1.11 kl. 12.00. Løyvet gjeld for 2021.

Arbeidsutvalet legg vekt på at utvidinga gjeld eit kort tidsrom og at det synast å vera eit normalår i høve til kor villreinen står. Utviding av opningstida med 12 timar vil såleis ikkje føre til ei ytterlegare forseinking av villreintrekket over vegen i høve til det som har vore vanleg dei seinare åra. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at vegeigar har trong for å nå ut til brukarane før dei sett i verk tidlegare tidspunkt for stenging enn det som har vore praktisert dei seinare åra.

Arbeidsutvalet legg til grunn at Agder Fylkeskommune frå 2022 held seg til dei faste opningstidene heimla i verneforskrifta.



Saksopplysninger

Agder Fylkeskommune har søkt om å få utsette vinterstenging av fylkesvegen mellom Brokke og Suleskard i Valle og Sirdal kommune til 1. november kl. 12.00 på dagen (vedlegg 1). Bakgrunnen for søknaden er at fylkeskommunen i mai 2021 vart gjort merksam på at perioden for vinterstenging, jamfør *forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.2, er f.o.m 1 november t.o.m 20 mai. Fylkeskommunen har i 20 år praktisert at vegen vert vinterstengd frå 1. november kl. 12.00 og opna 20. mai kl. 12.00. Dvs. at perioden for opning stenging har vore utvida med 12 timar vår og haust i høve til det som står i verneforskrifta.

Som grunngeving for å utsette vinterstenging med 12 timar legg Agder Fylkeskommune vekt på at vinterstenging frå 1. november kl. 12.00 er innarbeida over mange år blant brukarane og at det er vanskeleg å endre på dette på kort varsel. Søknaden gjeld berre for 2021. I fortsettinga vil Agder Fylkeskommune halde seg til dei opningstidene som er heimla i verneforskrifta.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av *Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde* av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Opningstida for veg Brokke - Suleskard er heimla i verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.2 der det heiter at vegen skal vera stengd f.o.m 1.november t.o.m 20. mai. Vegen skal ikkje brøytast før 12 mai der han kryssar trekksona Vardsvatn – Kvislevassknuten. Vidare går det fram av verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.4 bokstav d at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi løyve til opning/stenging av Brokke – Suleskardvegen ut over dei faste tidspunkta ved heilt spesielle forhold og da etter retningsliner gjeven i avtale av 12. april 1999 mellom fylkesmannen i Aust – Agder og Statens Vegvesen.

Nemnde avtale av 12. april 1999 ligg som vedlegg 2 i saka. Som ein ser er dette inga avtale men eit møtereferat meint som ei tilråding inn i den pågåande verneprosessen.

Vurdering

Det er uheldig at vegeigar i mange år har gått utover opningstidene heimla i verneforskrifta. Sjølv om det gjeld få timar vår og haust er det tidspunktet i verneforskrifta som må leggst til grunn. Årsaka til at ein har fråvika dette skuldast truleg at det sette seg ein praksis med nemnde avtale frå 1999, og at det ikkje vart følgd opp kva tidspunkt som seinare vart fastsett i

verneforskrifta. Når det er sagt så er det vegeigar som har ansvaret for å sjå til at opningstidene i verneforskrifta vert halden.

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)


Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 1457 og 694).

Områda på båe sider av vegen er i naturbasen merka av som vinterbeite for villrein. Det typiske bilete dei siste åra har vore at villreinen nærmar seg vegen i frå nord frå oktober månad, men at dei først kryssar vegen kort tid etter at denne stenger. I hovudsak skjer dette i området frå Rosskreppfjorden og austover til Kvislevasskardet. Ein reknar med at trafikken på vegen forsinkar trekk over vegen med om lag 14 dagar. Nærområda til vegen er viktige beiteområde gjennom vinteren. Ein del dyr trekk og lengre sørover mot Bygland og Åseral. Med ei eventuell endring i beitesituasjonen eller bestandsstorleik vil barriereverknadane av vegen kunne blir lengre enn dei nemnde 14 dagane.

Hausten 2021 synast å vera eit normalår i høve til at villreinen nærmar seg frå nord, men ein manglar ferske data på dette. Siste observasjon var ein flokk på om lag 300 dyr i område Kværevatn helga 16 – 17 oktober. Kartet nedanfor syner GPS-data frå villrein for oktober månad i perioden 2007 – 2017.



Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av ei utvida opningstid. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

I tida vegen er ope passerer om lag 80 000 køyretøy på vegen mellom Brokke og Suleskard. Vegen er også eit viktig utgangspunkt for ferdsel nordover og sørover i heia. Særleg stien mellom parkeringa og Øyvuvsbu turisthytte er mykje nytta med omlag 6 500 passeringar i perioden 18. juni – 3. oktober. I gjennomsnitt tilseier dette over 80 passeringar pr. dag. Som følgje av Øyvuvsbu si plassering i eit viktig trekkområde for villrein vert det jobba med å flytte turisthytta med tilhøyrande løypenett. Kryssing av vegen i tida denne er ope kan førekomme men då i all hovudsak avgrensa til eit fåtal bukkar.



Tett opp til vegen ligg reguleringsmagasina Rosskreppfjorden og Øyarvatn. Langs vegen og innanfor vernegrensa ligg det eit fåtal driftshusvær og utleigehytter.

Konklusjon

For 2021 vert det gjeven løyve til utvida opningstid av vegen fram til 1.11 kl. 12.00. Forvaltar legg vekt på at utvidinga gjeld eit få tal timar og der det synast å vera eit normalår i høve til kor villreinen står. Utviding av opningstida med 12 timar vil såleis ikkje føre til ei ytterligare forseinking av villreintrekket over vegen i høve til det som har vore vanleg dei seinare åra. Forvaltar legg også vekt på at vegeigar har trong for å nå ut til brukarane før dei sett i verk nye tidspunkt for stenging.

Fra: Fidjestøl, Inger Ann[Inger.Ann.Fidjestol@agderfk.no]

Sendt: 19.10.2021 13:25:46

Til: Haug, Jørn Trygve

Kopi: Lunden, Rolf Ove; Høygilt, Brede; Horverak, Knut Stian

Tittel: Søknad om dispensasjon fra "Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde"

I møte i forrige uke ble vi gjort oppmerksomme på at vi ikke har forholdt oss til "Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde". Vi har benyttet et vedlegg som lå til grunn før denne forskriften ble vedtatt. Det beklager vi og vil selvfølgelig forholde oss til den i fremtiden.

I år er 31.10, som er vår nye stengningstidspunkt, på en søndag. Et godt innarbeidet stengningstidspunkt både for pendlere men ikke minst for hyttefolk har gjennom de siste 20 årene vært 1.november, kl 12. Det å endre tidspunkt på så kort varsel er derfor krevende. Det å nå ut til det nedslagsfeltet for de som benytter vegen er hovedutfordringen. Vi erfarer at det i tillegg til trafikanter fra Agder er både trafikanter fra Rogaland og Vestfold-Telemark. I praksisen gjennomføres vinter-stengningen ved at man møtes på gamle fylkesgrensa kl 12, da stenges også bommene i begge ender. Så kjører man hver sin veg og tømmer vegen for biler. Det er en fordel å gjøre dette i dagslys for å se at det ikke står igjen noen biler på parkeringsområder.

Vi søker derfor om dispensasjon fra "Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde" fra søndag 31.10.21 til mandag 01.11.21, kl 12.

Imøteser snarlig tilbakemelding.

Med vennlig hilsen

Inger Ann Fidjestøl

Drift og vedlikehold

Mobil: +4799256254

E-post: Inger.Ann.Fidjestol@agderfk.no

agderfk.no





A

FYLKESMANNEN I AUST-AGDER
Miljøvern avdelingen

Post- og besøksadresse: Fylkeshuset, 4809 ARENDAL

Se adresseliste

GJENPART

98/2170

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)

Sak nr. ~~1999/01927~~ /HEL -6

Ark. nr. 433.53

Dato

26.04.99

REFERAT FRA MØTE OM BROKKE-SULESKARDVEIEN 12.04.99.

Vi viser til vedlagte dokumenter.

Utkast til referat fra møtet ble sendt møtedeltakerne på fax. 21.04.99 med beskjed om tilbakemelding om eventuelle kommentarer til referatet innen fredag 23.04. kl. 16.00. Det har kommet inn kommentar kun fra Vegkontoret, som ber om presisering av åpningsdatoen 20.04. Det er ikke noen garantert åpningsdato. Det må tas hensyn til snø- og værforhold.

Dette er tilføyd i siste kulepunkt under oppsummeringen i referatet. Med denne tilføyelsen anses referatet fra møtet som godkjent, og følger vedlagt.

Med hilsen

Per M. Optun
seksjonsleder
e.f.

Helge Lyngstad
Viltforvalter

Avdelinger:	Embets- ledelsen	Administrativ enhet	Beredskaps- avdelingen	Kommunal- avdelingen	Landbruks- avdelingen	Miljøvern- avdelingen	Sosial- og familie- avdelingen
Telefon:	37 01 75 00	37 01 75 00	37 01 73 00	37 01 73 00	37 01 76 00	37 01 73 00	37 01 73 00
Telefaks:	37 01 76 10	37 01 76 10	37 02 23 22	37 01 76 10	37 01 75 15	37 01 75 33	37 01 76 10
X.400:	S=postmottak;O=fm-aa;P=sri;A=telemax;C=no				Internett:	postmottak@fm-aa.sri.telemax.no	

Fylkesmannen i Aust-Agder **Miljøvern**avdelingen

Referat fra møte om Brokke-Suleskardveien 12.04.99.

Møtet ble holdt på Fylkeshuset, Arendal. Til stede var:
Torjus Kvæven, Ordfører Sirdal kommune
Tom Egerhei, Miljøvernavdelingen Fylkesmannen i Vest-Agder
Sigurd Kløvfjell, Statens Vegvesen Setesdal trafikkdistrikt
Gunnar Lien, Vegkontoret i Aust-Agder
Kay Jeiskelid, Ordfører Bykle kommune
Pål Haugen, Statens Vegvesen Setesdal trafikkdistrikt
Birger Nygård, Ordfører i Tokke kommune
Tarald Myrum, Ordfører i Valle kommune
Karl Gunnar Hoven, Villreinnemnda Setesdal-Ryfylke
Per M. Optun, Miljøvernavdelingen, Fylkesmannen i Aust-Agder
Hjalmar I. Sunde, Fylkesmann i Aust-Agder
Helge Lyngstad, Miljøvernavdelingen, Fylkesmannen i Aust-Agder

Optun ledet møtet og ga Sunde ordet for åpning av møtet og orientering om bakgrunnen.

Sunde I 1998 ble det sterk pågang for å få åpnet veien før tidligere avtalt dato, 20.05. Det var kort tid å få ordnet dette på og lite dokumentasjon om villrein i området. Dette har gjentatt seg i flere år.

Alle parter vil være bedre tjent med å få til en praksis som fungerer bedre. I verneplanforslaget står det åpningstid 20.05 til 01.11. Dette utkastet går til vedtak i Kgl. Res. Om vi ønsker et mer fleksibelt opplegg, må vi komme med det nå, slik at det kan bringes til DN og tas inn i verneplanforslaget. Etter at Kgl. Res. er vedtatt, er det en omstendelig prosess å endre på teksten. Det er derfor viktig at vi kan bli enige om et forslag i dag og få dette med i prosessen.

Næringslivet og kommunene ønsker lengre åpningstid for veien. Vernemyndighetene har hensyn å ta overfor villreinen og Vegvesenet har begrensninger av mer praktisk art, værforhold og økonomi. Seinere skal forvaltningen av heiområdet skje i kommunene. De må da ta ansvar også til vernemyndighetenes interesser. Det bør også av den grunn være et mer fleksibelt opplegg enn før.

Sunde gjennomgikk det utsendte notatet, forklarte forslaget om kjernetid og fleksitid. Hensynet til villreinen er viktig. Vi må ha dokumentasjoner om villreinen, dersom vi skal kunne fravike kjernetida, 20.05 til 01.11. Skal kjernetida innskrenkes, må vernemyndighetene bekoste nødvendige registreringer. Skal kjernetida utvides, må kommunene bekoste nødvendige registreringer.

Drøftinger:

Kvæven pekte på at det er en syklus på villreinens beiting. Forslaget om kjernetid og fleksitid er greitt, men han var skeptisk til kravet om dokumentasjon, som han mente var for vidløftig. Må utøve et folkelig skjønn. Det er når veien ligger bar og stengt at det blir problemer. Sirdal vil også være med å bestemme åpningstida.

Myrum nevnte konklusjonen fra siste samordningsmøtet, 28.05.95. mellom Vegkontoret, kommuner og fylker, Der ble det enighet om at brøyting starter ca. 01.05., åpning 20. – 25.05 og arbeidet starter i trekksonen tidligst 12.05. Bør evaluere praksis fram til nå. Dette har fungert bra i normale år, mente han. Åpning må være i samsvar med framdrift på brøytinga. Det skal ikke startes i trekksonen før 12.05, men er det lite snø, må veien kunne åpnes når veien er ferdig frest. Han mente det er greit med åpning ca. 20.05 og at det brøytes opp til Kvislevass-skardet før 12.05. Skal en stoppe nede i Kvislevasskveven, vil det ta lenger tid med åpning. Vi må kunne ta opp veien ca. 20.05 og ha fleksitid som foreslått. Han hevdet at det bør kunne åpnes også før 10.05 i år det er svært lite snø.

Jeiskelid Reiselivsnæringa ønsker lengst mulig åpningstid. Den ordninga som har vært er grei. Folk godtar lettere at det er klima som styrer åpningstida enn villreinen. Jeiskelid spurte om det er villreininteressene eller klimaet som avgjør åpningen.

Nygård mente det er viktig med en fast åpningstid for veien av hensyn til markedsføringa. Han påpekte behovet for å gjøre kjent når veien åpner, slik at også Telemark vet om det.

Lien mente det er behov for faste datoer for lettere å kunne planlegge arbeidet. Det er viktig med en omforent avtale vi alle godtar. Det må være et forutsigbart opplegg, ikke basert på telefonpågang. Vi følger datoene, venter til 12.05 med å gå inn i trekksonen og forholder oss til fylkesmannen i Aust-Agder. 20.05 kan ikke være en garantert åpningsdato. Siden vi ikke kan gå inn i trekksonen før tidligst 12.05, må vi ha den tida vi trenger for å få åpnet veien. Lien mente vi må bli enige om hva vi gjør i vår og høst. Vi må vite hvem vi skal forholde oss til om vilttrekket for å få råd og hvem som har ansvaret

Haugen la fram en oversikt over åpningstider m.v. for veien siden 1990, se vedlegg.

Lyngstad orienterte om villreinsens bruk av sørområdet og trekk til kalveområdene. Datoene 20.05 og 01.11 er satt av hensyn til reinsens trekkmønster. Dyra må kunne trekke mest mulig fritt mellom de forskjellige delene av leveområdet. Lyngstad viste til kart i Verneplanforslaget og at trekkområdet er tegnet fra Kvislevasskveven og vest til Vardsvasseggene. Det er ikke bare problemer med brøytekanter for villreintrekket. Når veien åpnes, blir det stor trafikk. Noen stopper på høgdene og kanskje også går tur i terrenget. Dette vil være uheldig i trekksonen på den tida. Derfor er tidligste dato satt til 10.05.

Egerhei mente det vil være enklest med faste datoer, men når forholdene ligger til rette må vi kunne være fleksible. Dokumentasjon på forholdene er helt vesentlig.

Etter verneplanforslaget bør Valle kommune, fylkesmannen i Aust-Agder og Veikontoret i Aust-Agder ha koordineringsansvaret. Åpning ønskes ofte til 17.05. Vil anbefale å ha forslaget som nå for i år. Vi kan ha kjernetid og fleksitid som foreslått med åpningsdato ca. 20.05 og håndtere ekstreme forhold som dispensasjon fra verneplanen. Referatet fra dette møtet bør kunne danne grunnlaget som Veikontoret kan forholde seg til. Seinere vil Verneplanen være førende. I forvaltningsplanen må det lages et skjønn for å håndtere dette notatet om åpningstider.

Sunde Mange har meninger om dette, men vi må godta at noen tar avgjørelsen. Myndighet vil seinere bli delegert til kommunene, men de må da ta hensyn til flere interesser. Det må være et rimelig fornuftig grunnlag å beslutte på og skjønn må utøves. Det er ikke nok bare å ringe til en fjellkar.

Både klima, kostnader for Vegvesenet og villreinen betyr mye her. Næringslivet ønsker lengst mulig åpningstid.

Valle og Sirdal skal forvalte. Vi kontakter Valle, som drøfter dette med Sirdal. Vi er positiv til delegering. Viser det seg i ettertid at det ikke går så bra, får vi drøfte problemene. Det er snakk om grense i Kvislevass-kveven eller Kvislevass-skardet og om når veien blir åpnet.

Det er nok vanskeligere å få endret på kartet nå, men forslaget om kjerne- og fleksitid bør vi kunne få med.

Miljøvernadv. er allerede hardt presset på disse åpningsdatoene. Blir det snakk om særlig andre datoer, får vi dette neppe med i Kgl. Res. Reinen i dette området er presset på mange måter. Vi må prøve å få til en fleksibel forvaltning.

Vi kan kalle vårt forslag for normalprosedyre og se på unntakene når det er spesielt lite snø, slik det f. eks. var i 1996, men vi må huske på at villreinen skal kunne være her og trekke i området. Åpning må kunngjøres også for Telemark. Kjernetid og fleksitid er brukbart for 1999 og åpning bør være ca. 20.05. Det må begrunnes overfor DN hvorfor vi ønsker en slik endring og hvem som var med på dette møtet og forhandlet fram dette resultatet.

Optun På grunn av tidsmarginene i DN må vi sende referatet fra dette møtet på en rask høring og sette frist for tilbakemelding. Deretter sendes en anbefaling til DN om å endre dette punktet i Verneplanforslaget.

Oppsummering:

Møtet var enige om følgende punkter, som bør legges fram for DN og bes tatt inn i Verneplanforslaget, slik at det blir innarbeidd praksis om åpningstider for Brokke-Suleskardveien.

- Inntil verneplanen blir vedtatt følges notatet av 03.03.99 og Vegkontoret forholder seg til Fylkesmannen i Aust-Agder som fagmyndighet. Etter at verneplanen er vedtatt delegeres myndighet til å fastsette åpningstider i samsvar med notatet til Valle og Sirdal kommuner. Vegkontoret i Aust-Agder og Fylkesmannen i Aust-Agder forholder seg da til Valle kommune, som tar de nødvendige drøftinger med Sirdal kommune.
- Vi anbefaler kjernetid og fleksitid som foreslått i notat av 03.03.99 punkt 1 og 2 med åpningsdato ca. 20.05 og håndtere ekstreme forhold som dispensasjon fra verneplanen. Åpningsdato 20.05 avhenger av snø- og værforhold og er ingen garantert åpningsdato.

Optun takket for møtet.

Før møtet var dette notatet sendt ut som saksdokument:

Om åpningstider for Brokke-Suleskardveien.

Omforent utkast fra FMVA i Vest-Agder, FMVA i Aust-Agder og Villreinemnda.

1. **Kjernetid.** Åpningstid er tidligere fastsatt til perioden 20.05 til 01.11. Brøytemannskapene kan tidligst gå inn i trekksonen 12.05. Samme tidsrom bør være kjernetid også videre framover. I tillegg bør trekksonen, der det ikke skal starte arbeid før tidligst 12.05, være fra Kvislevasskveven og vestover til nede i Smogedalen og ikke stoppe på høgden ved Vardsvatn.
2. **Fleksibel åpningstid (fleksitid).** Om alle simlene og ungdyra har trukket nordover og krysset veien, er det ikke nødvendig at veien skal være stengt til 20.05. Den tidligste dato veien kan åpnes bør være 10.05. Arbeid i trekksonen kan da tidligst starte 8 dager før, 02.05. Det betyr at nødvendige registreringer kan foretas i perioden 25.04 til 01.05.

Det kan forekomme år der det er en del simler og ungdyr igjen på sørsida av veien også etter 12.05. Da må ikke brøytinga starte i trekksonen før dyrene har passert. Slik utsettelse med brøytestart må kunne gå til 22.05 og dermed åpning 30.05.

Har sørtrekket startet tidlig et år og det har samlet seg en del dyr på nordsida av veien, bør denne kunne stenges før 01.11, tidligst 15.10. Viser det seg at dyra passerer i løpet av kort tid og det ikke er dyr på nordsida like etter 01.11, bør veien kunne holdes åpen lenger, inntil 30.11.